

Kommunane i Helse Vest regionen
KS i Vest-Norge
Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane
Fylkeskommunane i Helse Vest regionen
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)

Dykkar ref: «REF»	Vår ref: 2016/3264 - 4840/2017	Sakshandsamar: Ingrid Dirdal 41436400	Dato: 15.09.2017
-----------------------------	---	---	----------------------------

Høyring - Regional plan for revmatologi i Helse Vest

Vi sender her utkast til regional plan for revmatologi ut på ekstern høyring.

Planarbeidet er gjennomført som eit prosjekt med prosjektdeltakarar frå helseføretaka, avtalespesialistane, praksiskonsulentordninga (fastlege) og brukarar. Oversikt over prosjektdeltakarar ligg her som eit eige vedlegg. Planen har no vore ute på ei «intern» høyring blant helseføretaka, Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus AS og avtalespesialistane. Utkastet til den regionale planen blei lagt fram for Styret i Helse Vest den 7.09.17. Styret følgde tilrådinga om å sende den ut på ei ekstern høyring, vedtak i sak 88/17:

- Styret i Helse Vest tok det førebels utkastet til regional plan for revmatologi i Helse Vest 2017-2023 til orientering.
- Styret i Helse Vest bad om at utkast til regional plan for revmatologi i Helse Vest 2017-2023 vert sendt på ei brei ekstern høyring som også omfattar kommunane i regionen.

I prosjektet har vi, ut frå dei endringane som har skjedd i revmatologifaget dei siste åra, kartlagt flaskehalsar og føreslått tiltak retta mot utfordringsområda. I planarbeidet har ein ønska å ha ei pasientnær tilnærming. Planen skal fungere som ein oversikteleg reiskap for Helse Vest og verksemdene i det vidare arbeidet i regionen. Plandokumentet gir overordna føringar for vidareutvikling av revmatologifaget inkludert revmakirurgien i Helse Vest.

Den overordna verksemdstrategien for Helse Vest, Helse2035, gir oss som nemnt føringar. Det ein kan tilby desentralt skal organiserast innan det enkelte føretaksområdet, medan berre det som krev ei sentralisering skal regionaliserast. Dette har det vore aktuelt å ta omsyn til i denne planen.

Når det gjeld kirurgisk verksemd har vi i planen peika på at kvart enkelt helseføretak bør ha kapasitet til å ta hand om dette (ut frå sektoransvaret). Dette vil vere ei vesentleg endring for Helse Fonna-området og delvis Helse Stavanger-området som i betydeleg grad har nytta operasjonskapasitet i Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus AS for ulike leddinggrep. Det bør gjerast ein gjennomgang av helseføretaka sin kapasitet opp mot behovet for ulike leddinggrep og Helse Vest bør avgrense seg til å skaffe dei

inngrepa som helseføretaka ikkje sjølve klarer å levere. Dette er ei endring som kan vere nødvendig blant anna fordi revmakirurgi ikkje lenger står fram som eit eige fagfelt, men vert utført av «subspesialistar» innan ortopedi/plastikkirurgi/ nevrokirurgi.

I planarbeidet har vi kome fram til at alle føretaksområda sjølv bør ta hand om tilbodet til barn. Helse Bergen får ikkje ein særskilt regional funksjon, men barna skal behandlast i samarbeid med eller visast til regionsjukehuset når heime-HF-et manglar naudsynt kompetanse. Barnerevmakirurgien er i dag lagt til OUS, men her er lite volum og det er kome forslag om å avvikle denne nasjonale behandlingstenesta. OUS bør elles berre nyttast i heilt særskilte høve.

Planen vil i tillegg til det revmatologiske fagmiljøet også ha betydning for pediatrike avdelingar, radiologiske avdelingar og aktuelle kirurgiske avdelingar.

Høyringa vert sendt til kommunane i Helse Vest regionen, KS, Fylkesmennene og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon.

Vi tek sikte på endeleg styrehandsaming av den regionale planen for revmatologi i Helse Vest RHF på nyåret i 2018.

Frist for høyringsinnspel er sett til 15. desember 2017.

Vi ber særskilt om innspel knytt til dei overordna grepa som er foreslått i planen når det gjeld organisering av tenesta innan revmatologitenesta, barnerevmatologi og revmakirurgi.

Vennleg helsing

Pål Iden
ass. fagdirektør

Ingrid Dirdal
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: post@helse-vest.no

Vedlegg
Regional plan for revmatologi, høyringsutkast